

# Alversund arbeidsformidling

Seim

So hev me, av gjektor, til sist ho Malena.  
Me undrast kva herre ho kjem til å tena?  
Han Olav vil nok ha eit ord med i leget,  
so ho kan få arbeid av likaste slaget.

Han Ingebrikt Skurtveit, den kraftige karen,  
Me trudde han fann seg tilrettes på garden.  
Dei kan då kje hjelpa seg heilt utan drengje--?  
og difor me trudde han vart der -- so leggje.

Hav takk då for laget. Me etter må finnast.  
I tankar og böner kvarandre me minnast.  
Gå hugheilt med Gud til det lovlege yrke.  
Han sjølv heve lova å gjeva Dykk styrke.

De mange som reiser, vil sårt verta sakna.  
Vårt song- og musikklag kjem mest til å rakna.  
Men me son vert att kan trass alt ikkje slutta  
fordi om so mange or bygdi må flutta.

Han Jakob nok sikkert vil vanskane greida,  
for han er ein meistar å styra og leida.  
Om tonen vert spinkel dei par fyreste gongar --,  
me hev då ein masse med innvöde songar.

Gud gjeve me ingen i Himmel må sakna.  
Gjev ingen av laget i Helheim må vakna.  
Gjev ingen sin krans eller kruna må misste,  
men at me mot Jesus vert tru til det siste.